



## Statens vegvesen

Arkoconsult AS  
Postboks 103 HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Behandlende eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Tone Bøyum -

Vår referanse:  
2015/087112-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
31.08.2015

### **Uttale til melding om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram - Detaljregulering for Manger industriområde - Kjebogen - gnr. 45 bnr. 10 m.fl. - Planid 1260201500200 - Radøy kommune**

Statens vegvesen syner til dykker brev dagsett 03.07.2015 med frist for uttale 31.08.2015.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekke knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. I denne planenuttalar vi oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

#### **Saka gjeld:**

Det er meldt oppstart av detaljregulering og høyring av framlegg til planprogram for Manger industriområde Kjebogen, gnr. 45 bnr. 10 mfl. i Radøy kommune. Planområdet er om lag 111 daa og ligg 2 – 3 km vest for Manger sentrum, langs sørsida av fv. 410, Toskavegen.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for utbygging av industriområde med tilhøyrande kaianlegg. Føremålet er for det meste i samsvar med arealdelen av kommuneplan for Radøy, der landarealet er avsett til næringsområde og industri. Planområdet er også regulert gjennom Kommunedelplan (KDP) Manger 2007 – 2019, samt overlappande del av utbyggingsplan Mangerøy, gnr 45 bnr 230, 231, 237 og 242.

Området er i dag dels utbygd og nytta til industriføremål, og husa tidlegare Jotun målingsfabrikk.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø<sup>1</sup>  
Telefon:  
Telefaks:

## Arealpolitiske føringer for planarbeidet:

### Retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging

Av statleg planretningslinje om samordna areal- og transportplanlegging går det fram at «*Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet og effektiv trafikkavvikling. Planlegging skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet.*

## Planprogram:

### Føremålet med planarbeidet

Tiltakshavar Radøygruppen A/S ynskjer å flytte verksemda si fra Vetås til Kjebogen på Manger. Planen er å oppgradere eit eksisterande industriområde med m.a. fleire monteringshallar og utskipingskai. Omfanget av den planlagde utbygginga er av ein slik storleik at det utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Plandområdet har i dag avkjørsle til Fv 410. Planen skal m.a. vurdere ny avkjørsel til Fv litt lenger vest i plandområdet, i samsvar med utbyggingsplan for Mangerøy.

### Alternativvurderingar

I framlegg til planprogram er det synt til eit 0 – alternativ som skildrar dagens bruk. Planprogrammet presenterer i tillegg to alternativ til dette:

- Alternativ 1 tek utgangspunkt i slik ein har tenkt området utvikla i første omgang og som vert grunnlag for denne reguleringa. Dvs. 2 monteringshallar på 50 \* 75m og 50 \* 100m og moderat utfylling i sjø
- Alternativ 2 tek høgde for at det kan vere aktuelt med ei vidare utbygging og regulering av området i vest, og der ein ser for seg ei større utbygging av bygningsmassen samt utviding av kaianlegget.

### Utgreiingar

Tilkomst til området vert frå Fv 410 Torskavegen. Fylkesvegen er smal og ikkje tilrettelagt for mjuke trafikkantlar. Det er 50 sone forbi staden.

Planprogrammet tek føre seg ei rekke viktige tema som skal utgjera i samband med konsekvensutgreiinga. Vi finn likevel at utgjeringstemaene er lite presise. Ut i frå framlegget er det er vanskeleg å sjå omfanget av tiltaket t.d. kor mange arbeidsplassar dette genererer, trafikk til og frå området og kva innverknad dette får på dei trafikale tilhøve på staden. Kap. 2.6 «*Kommunikasjon, veg og vegtekniske tilhøve*» bør etter vårt syn femne om fleire undertemaer som her ikkje er nemd.

Utgreiingane til planprogrammet må skildre forventa auke i trafikkmengde, og vurdere kva type køyretøy som skal nytte vegen, både i drifts- og anleggsfasen. Vi meiner også at eit relevant

utgreiingstema er å skildre trafikksituasjon forbi Manger, sett ut i frå tema trafikktryggleik og støy. Analysen må utførast av fagfolk med vegfagleg kompetanse.

Planområdet er lokalisert 2 – 3 km vest for Manger sentrum. Det er i KDP for Manger lagt inn prioritert trasé for framtidig gang / sykkelveg frå Manger / Selfallet og forbi planområdet mot Trettholmen. Dersom det vert etablert ein større sentrumsnær arbeidsplass i dette området vil det vere relevant å vurdere ei realisering av heile eller deler av denne. Planprogrammet må vurdere korleis mjuke trafikkantar skal kunne ferdast trygt til og frå området, og elles gjere greie for behovet for kollektivtransport. Utgreiingane til planprogrammet må ut frå dette vurdere behovet for endra plangrense som tar med seg areal langs Fv 410 mot Manger.

#### **Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen:**

##### Tilknyting til riks- og fylkesvegnett

Reguleringsplanen omfattar del av Fv 410. Planen må ta høgde for forventa trafikkmengde og -type på lang sikt og dette må vere dimensjonerande for dei ulike vegføremåla i planen. Det må setjast av tilstrekkeleg areal til offentleg veggrunn og vegareal i planen. Handbok N-100 *Veg- og gateutforming* skal leggast til grunn.

##### Avkjørsler

Det er fleire avkjørsler innan planområdet. Desse må synast i plankartet, med tilhøyrande siktsoner. Vognormalen i Handbok N100 må følgast.

Dersom ein vedtar ny avkjørsel til industriområdet, vil den geometriske utforminga vere avhengig av trafikkmengde og kva type køyretøy som skal inn til området. Handbok N100 og Handbok V121 *Geometrisk utforming av veg- og gatekryss* må leggast til grunn for utforming av avkjørsla.

Dersom ein vedtar ny avkjørsel til området frå Fv 410 må den gamle stengast. Dette må synast i plankartet.

##### Byggegrenser

Plankartet bør syne byggegrense mot veg. Byggegrensa i dette området må vere minimum 15 meter frå vegmidte, men ein må også ta høgde for behovet til areal for ny gang / sykkelveg langs fylkesvegen, dersom den ikkje vert realisert i denne omgang.

##### Gang- og sykkelveg

Reguleringsplanen må ikkje vere til hinder for framføringa av gang og sykkelveg slik det er tatt høgde for i KDP for Manger.

I samråd med Skyss må det eventuelt setjast av areal til busshaldeplass.

Rekkjefølgjekrav

Det må setjast krav til rekkjefølgje føresegne til planen at godkjent avkjørsel må ferdigstilla før det vert gjeve bruksløyve.

Støy

Statens vegvesen føreset at T-1442 *Retningslinjer for behandling av støy i arealplanlegging* ligg til grunn for planarbeidet.

Vidare medverknad

Når det føreligg eit konkret planforslag vil Statens vegvesen vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkelig i vare.

Plan- og forvaltningsseksjonen, Bergen

Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Tone Bøyum*

Tone Bøyum  
overingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Plan- og beredskap, fmhopostmottak@fylkesmannen.no  
Hordaland fylkeskommune, Planavdelinga, regional@hfk.no  
postmottak@radøy.kommune.no